

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/09

av 6. september 2000

om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til taktekkingsmateriale og ytinga deira ved utvendig brannpåverknad (*)

[meldt under nummeret K(2000) 2266]
(2000/553/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 13 og 20, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 89/106/EØF er medlemsstatane ansvarlege for å sikre at bygge- og anleggsarbeid på territoriet deira vert planlagt og utført på ein slik måte at dei ikkje set i fare tryggleiken til personar, husdyr og eigedom, samstundes som det vert teke omsyn til andre grunnleggjande krav når det gjeld allmenn velferd.
- 2) Føresegner om utforming av og arbeid med takkonstruksjonar høyrer derfor inn under ansvarsområdet til medlemsstatane.
- 3) Punkt 2.2 i basisdokument nr. 2 i kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF⁽³⁾ inneheld ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak med sikte på å støtte det grunnleggjande kravet «brannsikring»; desse tiltaka til saman gjer det mogleg å fastleggje ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.
- 4) I punkt 4.3.1.2.2 i basisdokument nr. 2 er det fastlagt krav til byggevarer til tak som vert utsette for brann utanfrå.
- 5) I kommisjonsvedtak 98/436/EF⁽⁴⁾, 98/599/EF⁽⁵⁾, 98/600/EF⁽⁶⁾, 1999/90/EF⁽⁷⁾, 2000/245/EF⁽⁸⁾ og 2000/553/EF om samsvarsattesting av byggevarer til taktekking som kan verte utsette for brann utanfrå, er det fastsett at visse varer/materiale kan reknast for å støtte krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.
- 6) Ytinga ved utvendig brannpåverknad er vorten fastlagd for mange varer/materiale som vert nytta til taktekking, og er vorten gjord tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 235 av 19.9.2000, s. 19, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 3/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

⁽³⁾ TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 194 av 10.7.1998, s. 30.

⁽⁵⁾ TEF L 287 av 24.10.1998, s. 30.

⁽⁶⁾ TEF L 287 av 24.10.1998, s. 35.

⁽⁷⁾ TEF L 29 av 3.2.1999, s. 38.

⁽⁸⁾ TEF L 77 av 28.3.2000, s. 13.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei varene og/eller materiala som vert nytta til taktekking, og som kan reknast for å stette alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt, på det vilkåret at eventuelle nasjonale føresegner om utforming av byggverk og utføring av byggjearbeid er stetta.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. september 2000.

For Kommisjonen
Erkki LIIKANEN
Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

Allmenne vilkår

Uttrykket «taktekkingsmateriale» vert nytta til å karakterisere den vara som utgjer det øvste laget av takkonstruksjonen.

Føresegnene gjeld ytinga til taktekkingsmateriale når dei vert utsette for brann utanfrå (vanlegvis omtala som eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad»).

Dei kriteria som gjeld ytinga til taktekkingsmateriale ved utvendig brannpåverknad, som varene/materiala i tabellen nedanfor vert rekna for å stette, utan at prøving er naudsynt og på det vilkåret at takkonstruksjonen er korrekt utforma og utført, er: gjennombrenning, brannspreiing over ytre takflate, brannspreiing innanfor takkonstruksjonen og utvikling av flammande dropar eller partiklar.

Dei varene/materiala til taktekkning som er nemnde i tabellen nedanfor, skal stette den relevante tekniske spesifikasjonen (harmonisert europeisk standard eller europeisk teknisk godkjenning).

Dei oppførde varene/materiala til taktekkning må nyttast i samsvar med nasjonale føresegner om utforming av byggverk og utføring av byggjearbeid, særleg med omsyn til korleis tilgrensande lag og andre varer i takkonstruksjonen er samansette og kva yting dei har ved brannpåverknad. Dersom varene/materiala vert nytta i samansetnader som ikkje vert rekna for å stette desse nasjonale føresegnene, kan medlemsstatane krevje prøving for å påvise slikt samsvar⁽¹⁾.

Dei særlege vilkåra som er fastsette i tabellen, hindrar ikkje medlemsstatane i å godta marknadsføring og bruk utan prøving, av dei aktuelle varene/materiala på mindre strenge vilkår.

Symbol

PCS: brutto varmeverdi.

TABELL

Byggjearar (og/eller –materiale) til taktekkning som kan reknast for å stette alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved utvendig brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt, på det vilkåret at eventuelle nasjonale føresegner om utforming av byggverk og utføring av byggjearbeid er stetta

Byggjearar/-materiale til taktekkning	Særlege vilkår
<i>Skifer</i> : naturskifer, skiferheller	Stettar føresegnene i kommisjonsvedtak 96/603/EF
<i>Takstein</i> : av stein, betong, leire, keramikk eller stål	Stettar føresegnene i kommisjonsvedtak 96/603/EF Eventuelt utvendig dekke skal vere uorganisk eller ha ein PCS $\leq 4,0$ MJ/m ² eller ein masse ≤ 200 g/m ²
<i>Fibersement</i> : — flate og profilerte plater — skifer	Stettar føresegnene i kommisjonsvedtak 96/603/EF, eller har ein PCS $\leq 3,0$ MJ/kg
<i>Plateprofilar av metall</i> : aluminium, aluminiumslegering, kopar, koparlegering, sink, sinklegering, ulakkert stål, rustfritt stål, galvanisert stål, bandlakkert stål, emaljert stål	Tjukkeleik $\geq 0,4$ mm Eventuelt utvendig dekke skal vere uorganisk eller ha ein PCS $\leq 4,0$ MJ/m ² eller ein masse ≤ 200 g/m ²
<i>Flate metallplater</i> : aluminium, aluminiumslegering, kopar, koparlegering, sink, sinklegering, ulakkert stål, rustfritt stål, galvanisert stål, bandlakkert stål, emaljert stål	Tjukkeleik $\geq 0,4$ mm Eventuelt utvendig dekke skal vere uorganisk eller ha ein PCS $\leq 4,0$ MJ/m ² eller ein masse ≤ 200 g/m ²

⁽¹⁾ Det er t.d. visse medlemsstatar som krev eit ikkje-brennbart underlag av ein viss tjukkeleik for å hindre direkte kontakt mellom metallplater og støttekonstruksjonen. Metallplatene som er førde opp i tabellen og er meinte for bruk i desse statane saman med andre typar underlag, krev prøving for at det kan påvisast samsvar med nasjonale føresegner om utforming av byggverk og utføring av byggjearbeid.

Byggjevere/-materiale til taktekking	Særlege vilkår
<i>Varer som ved normal bruk skal dekkjast heilt til (av dei uorganiske dekkmateriala som er nemnde til høgre)</i>	Laus grus med ein tjukkeleik på minst 50 mm eller ein masse $\geq 80 \text{ kg/m}^2$ (minste kornstorleik 4 mm, største kornstorleik 32 mm) Avrettarlag av sementmørtel med ein tjukkeleik på minst 30 mm Støypte stein- eller mineralplater med ein tjukkeleik på minst 40 mm